



Statens vegvesen Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1018 - 19/22649

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

07.11.2019

Ny høyring - særskilt fartsgrense 50 km/t og fartsgrensesone (30 km/t) - Kv2137

Meland kommune har motteke innspel om å skilte 1256 Kv2137 Fureskjeggvegen med 50 km/t og med fartsgrensesone 30 km/t etter vedlagte kartskisse. Dette er ei endring i høve til vårt brev av 23.09.2019. Årsaka til eindringa er at det då blir færre skilt.

Fartsgrensa i vegen er 50 km/t. Det er spredtbygd strøk på begge sidar av vegen. Vegen er og ein del av ein populær tursti som er mykje brukt av bebuare frå eit bustadfelt i nærleiken.

Fureskjeggvegen er ca 870 m lang med smal vegbreidde på ca 3 m det meste av vegen. Vegen er tilkomstveg til bebuarar og tilkomstveg til transport med skulebuss for dei skuleborna som bur på Fureskjegget, opp til fylkesvegen FV5310. Det er veglys frå og med krysset Fv5310 hp1 m5248 og Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m352, der den kommunale vegen møter privat veg, Pv98839 hp1 m0.

Meland kommune vurderar det slik at vegen bør skiltast med skilt nr. 362.50 50 km/t frå 1256 Kv2137 hp1 m0 til hp1 m107, vidare frå kryss ved privatveg Pv99164 hp1 m107 og til kryss ved privatveg Pv98839 hp1 m350 og vidare til hp1 m700 med gjentakning av skilt nr. 362.50 ved alle tre punkt. Vidare vurderar kommunen at det bør skiltast med fartsgrensesone skilt nr. 366 med 30 km/t frå Kv2137 frå hp1 m700 og til vegen sluttar ved kaien. «Fartsgrensesone» med skilt nr. 366 opphevast med skilt nr. 368, «Slutt på fartsgrensesone», plassert på baksida av skilt nr. 366.

Den siste delen av Fureskjeggvegen går i ein krapp sving og deretter i ein rett strekning der enkelte kjøyrande har hatt ein tendens til å setja opp farten ned mot kaiområdet. På denne siste delen finst der eit gårdstun, GBNR. 40/7, der Fureskjeggvegen går mellom bustadhuset og driftsbygningane. Her er det ferdsel til fots tvers over vegen. Her er og ferdsel med kjøretøy over vegen på to stader; mellom bustadhuset og driftsbygningane og til veg inn i innmark.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Skiltinga er vist i vedlagte kartskisse med skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til **28.11.2019**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse nr 2 Kv2137 Fureskjeggvegen

Mottakere:

Statens vegvesen Region Vest
Vest politidistrikt

Postboks 43
Postboks 85

6861
6901

LEIKANGER
FLORØ